

Hallo i nedslagsfeltet!

Ein svært stressande periode er endeleg over, og eg er no komen heim til Velledalen for sommarferien. Eg er ferdig med årsstudiumet i psykologi ved UiB, og skal til hausten byrje på ein bachelor i folkehelsearbeid ved HiB. Den siste månaden har eg fokusert på eksamen, og har difor ikkje hatt tid til så mykje anna. I løpet av denne perioden har eg også vore sjuk i to veker og skada foten, så det har blitt litt vanskeleg å få trenar ordentleg diverre.



*hjelpete på humøret når sola kika fram*

Eg trakka kraftig over på ei trening 20.mai, og har ikkje fått spelt noko fotball sidan då. Var med legen å tok røntgen, men heldigvis såg dei ikkje noken brotne bein elle avrivne sener. Dette skjedde ein dag før eg skulle ha eksamen, så det passa utruleg dårleg å kaste bort dagen på legevakta. Måtte vente i godt over to timar til saman før eg slapp inn til røntgen. Men satsar på at eg snart er klar igjen!

Sidan eg allereie no har reist heim for sommaren gjeng eg glipp av eit par kampar, men heldigvis har vi ein del utsette kampar slik at kampprogrammet blir tettare på hausten.



*kjedelig å berre vere ballhentar på trening*

Har også feira 17.mai for fyrste gong ein annan stad enn i Velledalen. Litt rart, men også kjekt med nye opplevingar. Toget, eller prosesjonen som det heiter i Bergen, var veldig stor med mange karneval-liknande innslag og utkleddingar. Og ikkje minst – det var folk over alt!



*Stor kontrast til feiringa heime, men leikar høyrar framleis til feiringa*

No skal eg nyte ferien så godt eg kan, men også trene opp att formen etter sjukdom og skade.  
Kryssar fingrane for at vêret spelar på lag slik at ein kan nytte seg av den fine naturen til treninga.

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 4.5